

Gje stemma di til Venstre

Fordi vi vil gjere dei reguleringsvedtak vi kan for å hindre fjordeponi.

Naustdal med Venstre

Eit grønt maktskifte i Naustdal er heilt avgjerande for å bevare fjorden. I tillegg vil vi flytte makt framover til dei som er nærast tenestemottakarane, fordi vi vil at kvalitet i tenestene skal vere målet.

Naustdal Venstre støttar samanslåing av kommunane i indre Sunnfjord. Ei større samanslåing kan vurderast om nokre år etter ei evaluering av reformen. I kommande periode vil vi arbeide for:

- ✓ Å hindre fjordeponiet.
- ✓ Ein time fysisk aktivitet i skulen og tilbod om trening i arbeidstida for kommunalt tilsette.
- ✓ Kjeldesortering av hushaldningssavfall.
- ✓ Meir økologisk landbruk og sal av kortreist mat.
- ✓ Reell brukarmedverknad i utviklinga av helsetenestene.
- ✓ Nytt friskhus.
- ✓ Universell utforming av utvalde turstiar.
- ✓ Grøn innovasjon og nyskaping.
- ✓ Ein heilskapleg arkitektonisk løysing for sentrumskjerna.



Magnhild Runde

1. kandidat til kommunestyret
Magnhild er fødd og oppvaksen i Naustdal. Ho er oppteken av barnehage, skule og eit godt oppvekstmiljø og -tilbod for barn og unge. Ho vil ha eit levande og attraktivt sentrum som legg til rette for etablering av små og mellomstore bedrifter.

Folk skal sjåast og lyttast til. Våre eldre i Naustdal har t.d. mykje kunnskap som dei har tileigna seg gjennom livet, og som Naustdal kommune bør lytte meir til. Ungdommen skal også ha meir å seie om tilhøva som gjeld dei sjølv.

Magnhild vil legge til rette for å vidareutvikle lokal matvareproduksjon og oppmuntre til økologisk jordbruk.

Magnhild si fremste oppgåve vil vere å hindre fjordeponiet!

Kandidatar for Venstre i Naustdal



1. Magnhild Runde (f.1979)

Magnhild ser Naustdal kommune i ein heilskap der dalen, sentrum og fjorden kan dra nytte av kvarandre. Ho er òg oppteken av natur og miljø.




2. Berit Ekerbakke (f. 1977)

Oppteken av oppveksttilhøva til born og ungdom, og at kommunen fører ein raus eldrepolitikk. Viktigaste sak: hindre at Førdefjorden blir ein avfallsplas.



3. Eivind S. Husabø (f. 1963)

Tilrettelegging for næringsutvikling og nyskaping for små og mellomstore bedrifter er ei av hans hjertesaker. Oppteken av utdanning generelt.



4. Øystein Garfors (f. 1976)

Fokus på tidleg innsats i skule og barnehage. Hindre utslepp av gift i Førdefjorden. Tilrettelegge for bærekraftig verdiskaping



5. Kjersti Garfors (f. 1985)

Miljø, helse og barnehage-/skuletilbod er dei viktigaste sakene for Kjersti. Stoppe planane om fjordeponi, sikre trygge og gode helse- og omsorgstenester.

6. Runar Tengjel Hovland (f. 1977)

7. Frode Kaasen (f. 1980)

8. Olaug Anne Hjelle (f. 1958)

9. Jan Roger Høgelid (f. 1976)

10. Monika Birkelid Vårdal (f. 1994)

11. Roy Jarle Sæle (f. 1968)

12. Kenneth Røsandhaug (f. 1972)

13. Benedicte B. G. Garfors (f. 1977)

14. Eirik Sørheim (f. 1973)

15. Anne Merete Ruskedal (f. 1969)

16. Torbjørn Os (f. 1969)

17. Ingeborg Runde (f. 1985)

18. Stein Torald Vonen (f. 1967)

Naustdal kommune



Rein natur og framifrå skule



VENSTRE

Foto: Runar Tengjel Hovland

venstre.no/naustdal

VENSTRE
Folk først.



Kjernesakene til Naustdal Venstre.

Miljø og natur.

Vi må stimulere til meir forskning og innovasjon som kan gjere gruveindustrien miljøvennlig, samt finne nye bruksområder for avgangsmasseen. Vi vil arbeide for at kommunen får ein meir miljøvennlig bilpark, grøn vekst og grøn innovasjon.

Vi vil jobbe for

- ✓ å stoppe etableringa av Fjorddeponiet.
- ✓ strengare miljøkrav generelt og handheving av desse.
- ✓ konstruktivt samarbeid mellom partia som seier nei til fjorddeponi.
- ✓ fase ut den kommunale bilparken til el-bilar
- ✓ kjeldesortering av avfall i kommunen.
- ✓ ladestasjonar for el-bilar i dalen og langs fjorden.
- ✓ bærekraftig bruk av naturen som gjer det attraktivt å bu i kommunen
- ✓ stimulere til økologisk landbruk

Arbeids- og næringsliv.

Naustdal med sine naturressursar gjev mange mogelegheiter innan grønne næringar som jordbruk og skogbruk. Desse næringane skal kunne ha ei sunn og grøn utvikling. Vi vil støtte verksemder knytt til lokalprodusert mat og gjere Naust-

dal til ein del av satsinga "grøn innovasjon", som betyr å legge til rette for grønt entreprenørskap i kommunen og samarbeid med andre kommunar som satsar på dette.

Vi vil jobbe for å

- ✓ stimulere til grøn innovasjon og nyskaping i kommunen ved å samarbeide med verkemiddelapparatet og andre som jobbar for dette
- ✓ fremje Naustdal som reisemål
- ✓ legge til rette for grøn finansiering ved å premiere miljøvennleg åtferd
- ✓ satse på nyetableringar i kommunen knytt til lokalmat, gardsturisme og utvinning av biomasse til energiføremål
- ✓ få meir lokalprodusert mat i butikkane
- ✓ legge til rette for tøming av bubilar

Skule og oppvekst.

Naustdal Venstre vil halde fram med å ta eit aktivt ansvar for barnehagane og skulane i kommunen. Vi meiner at gode fagfolk skapar gode barnehagar og skular. Naustdal Venstre vil syne barnehagetilsette og lærarar tillit og flytte makt framover til dei som arbeider tettast på borna. Rekruttering av gode fagfolk samt satsing på etter- og vidareutdanning er viktige prioriteringsområder.



Vi vil jobbe for

- ✓ auka pedagogtettleik i barnehagar og skular i kommunen
- ✓ ei styrking av arbeidet med tilrettelagt opplæring for alle elevar
- ✓ at alle får opplæring som svarar til sitt nivå
- ✓ innføring av 1 time fysisk aktivitet og læring i veka for elevane
- ✓ opne for trening i arbeidstida for tilsette
- ✓ å gjennomføre barnehageopptak to gongar i året.
- ✓ å gi meir makt til barnehage- og lærarkollegiet
- ✓ å oppretthalde skulen i Vevring
- ✓ at Naustdal kommune skal

halde fram med å vere ein føregangskommune på entreprenørskap i opplæringa

- ✓ samarbeid mellom skule / barnehage og frivillige organisasjonar / personar
- ✓ å styrke Naustdal kommune sitt samarbeid med kulturskulen

Helse og velferd

Naustdal Venstre vil skape trygge, framtidsetta og verdige helse- og velferdstenester. Ein stadig større del av folkesetnaden i Naustdal vil vere ressurssterke seniorar over 67 år. Behova for hjelp frå det offentlege vil variere mykje. Framtidas offentlege helse- og omsorgstenester krev eit meir fleksibelt tilbod som fangar opp dei ulike

ønskja og behova.

Vi vil jobbe for

- ✓ samlokalisering av helsetenester i eit nytt friskhus og opne opp for at private aktørar kan etablere seg i samspel med det offentlege.
- ✓ byggje basseng i samarbeid med private og/eller frivillige
- ✓ invitere brukarar til reell medverknad i utforminga og utviklinga av helsetenestene
- ✓ lære av Vevring skule og korleis dei har skapt ein mobbefri skule
- ✓ la kvalitet vere utgangspunkt for endring av tenester og ikkje økonomi først.
- ✓ ei styrking skulehelsetenesta
- ✓ å gje demente eit betre tilbod
- ✓ gjere det enklare for rørslehemma og eldre å bruke vår vakre natur, ved til dømes universell utforming av utvalde turstiar.
- ✓ at tilsette i helse- og omsorgstenester skal ha tilbod om ein gjensidig forpliktande kompetanseplan

Kultur, idrett og bumiljø

Skal vi trivast i kommunen må vi ha eit rikt kulturliv og aktivt idrettsmiljø. Born og ungdom har og skal fortsatt ha tilgang til eit mangfald av aktivitetstilbod innan kunst, kultur og idrett. På kultursida vil vi arbeide for eit større engasjement rundt Ungdommens kulturmonstring og kulturskulen. Vi vil arbeide for at ungdommen si stemme skal vege tyngre når det kjem til utvikling av nye tilbod for denne gruppa. Ungdomsrådet skal få meir å seie på område som gjeld deira eige interessefelt. Vidare vil vi

arbeide for at kunst for kunsten si skuld får sette sitt preg på Naustdal. Sentrumskjernen i Naustdal skal framstå med eit heilskapleg arkitektonisk uttrykk.

Vi vil jobbe for

- ✓ tryggare skuleveg slik at skuleborna trygt kan sykle eller gå til og frå skulen
- ✓ vidareutvikling av aktivitetstilboda på Rampen ungdomsklubb
- ✓ å få fleire kulturskuleaktivitetar lagt til Naustdal
- ✓ realisere planlagde aktivitetssområde for born og ungdom
- ✓ å støtte opp om frivillig foreiningsliv
- ✓ å støtte opp om Tambarskjelvar IL og utvikling av fleire aktivitetar for alle aldersgrupper
- ✓ å gje vidare støtte til merking og vedlikehald av turstiar og kartlegging av stolar
- ✓ å få gruslagde turstiar rundt i kommunen, slik at flest mogleg har moglegheit til å komme seg ut i naturen.
- ✓ å få laga fleire møteplassar, i form av overbygde sitjeplassar, langs turstiar og kulturløype
- ✓ god oppfølging og integrering for flyktingar

Les meir på :

www.venstre.no/naustdal.

Her finn du også felles programpunkt for lokallaga i Indre Sunnfjord.

Gje fjorden ei stemme, stem Venstre!